


VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



# Årsmelding 2014



Frå fiskedagen ved Buårene

**Innhold**

	side
Medlemmer .....	3
Aktivitet.....	3
<b>Fjelloppsyn.....</b>	<b>3</b>
Tilsette.....	3
Aktivitet.....	3
Refusjon .....	3
Samarbeid – oppdrag.....	4
<b>Arealet .....</b>	<b>4</b>
<b>Stølsbruk .....</b>	<b>5</b>
Stølar, beite og tilleggsjord .....	5
Stølsforskrift og fjelov .....	5
<b>Tomtefeste .....</b>	<b>6</b>
Hyttefester .....	6
Bustadfester.....	6
Næringsfester m.m. ....	6
Festeinntekter .....	6
<b>Fiske .....</b>	<b>7</b>
Sal av fiskekort.....	7
Stamfiske/fiskeutsetting .....	7
Registreringar .....	8
<b>Småviltjakt.....</b>	<b>11</b>
Forvaltning .....	11
Jaktkortsalg småvilt.....	12
Smårovvvilt .....	15
<b>Elgjakt.....</b>	<b>15</b>
Administrasjon .....	15
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen .....	15
Driftsplanarbeidet.....	16
ValHal .....	17
Elgtrekk .....	17
<b>Hjortejakt.....</b>	<b>17</b>
<b>Rådyrjakt.....</b>	<b>17</b>
<b>Jaktprøver .....</b>	<b>17</b>
<b>Informasjon - tiltak for friluftsliv .....</b>	<b>18</b>
Tilrettelegging for friluftslivet .....	18
Informasjon .....	18
Inatur - internettportal .....	18
Turkart.....	18
<b>Rekruttering til friluftsliv.....</b>	<b>18</b>
<b>Motorisert ferdsel i utmark .....</b>	<b>19</b>
<b>Tilskot .....</b>	<b>20</b>
Tilskot frå fjellstyret.....	20
Grunneigarfondet .....	20
<b>Økonomi .....</b>	<b>20</b>
Generelt .....	20
Resultat.....	20
Eigenkapital.....	22
<b>Vedlegg .....</b>	<b>23</b>
Resultatrekneskap.....	23
Balanse .....	25
Revisjonsmelding .....	26



# Årsmelding 2014

## Fjellstyre

### Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Ragnhild Sundheim
Styremedlem	Torill Trøen
Styremedlem	Åshild Reien
Styremedlem	Knut Kjøs Egge

Fjellstyret på befaring med Statskog




### Aktivitet

Fjellstyret har hatt 5 styremøte, behandla 25 saker og vore på 1 befaring. I tillegg deltok representantar på landsmøte for Norges fjellstypesamband, årsmøte for Fjellstyra i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om driftsplan for elg m.m.

Fjellstyreleiar Kjell Strand er representert i styret for Fjellstyra i Oppland, fiskeanlegget FOSA og driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre. Fjellstyreleiaaren og tilsette har i tillegg delteke på ulike møter og befarings.

## Fjelloppsyn



### Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjelloppsyn I: Harald Ranum i 100 % stilling  
Fjelloppsyn II: Erle Frantzen i 60 % stilling  
Deltidsoppsyn: Kenneth Monsen

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid og arbeid med tiltak for friluftsliv.

### Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåver for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver. Fjelloppsynet har kontorplass på kommunehuset.



### Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert 50% av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Fjellstyret fekk kr 322.431 (2013: 309.987) i refusjon frå staten. Dette tilsvrar omrent 30 % refusjon.

## Samarbeid – oppdrag

Fjellstyret har hatt følgjande oppdrag:

- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige
- Sekretærarbeid for felleskortet "Fisking i Valdres"
- Oppdrag for Vestre Slidre kommune, sti- og kloppeprosjekt
- Oppdrag for Vestre Slidre kommune, vasssprøvetaking

Inntektene ved utleige av tenester er kr 119.070 (2013: 88.086). I 2014 har ein leid bort tenester for omtrent det dobbelte av eit normalår. Auken er ikkje faste oppdrag og det må forventast at dette kan bli redusert seinare.



Fjelloppsynet kjører ut klopper til stig- og kloppeprosjektet i Valdres

## Arealet



- Totalareal: 200.000 daa  
+1000 moh: 65.000 daa  
- 1000 moh: 135.000 daa
- Lågaste punkt: Vaset 796 moh
- Høgaste punkt: Gråkampen 1595 moh
- Vatn/vassdrag: 20.000 daa
- Lauvskog: 60.000 daa
- Grensar inn til kommunane:  
Vang, Hemsedal og Nord Aurdal
- Arealet utgjer 43 % av kommunen
- Ca. 300 stølar og 10.000 daa dyrka jord.  
Produktive områder som er intensivt brukt med kulturprega stølslandskap
- Ca. 600 hytter
- 2 felt for bustadar, 10 stk bustadar
- Utbyggingsområde på Vaset til satsing på turisme
- Stølsvegar i allmenning ca 135 km
- Statsallmenningen er godt tilrettelagt med rastplassar, informasjonstavler o.l.

## Stølsbruk



### Stølar, beite og tilleggsjord

Samla er det 293 stølar, inkl. 1 fellesstøl, og 84 fester for kulturgeite/tilleggsjord i allmenningen. Samla utgjer dette ca 10.000 daa dyrka mark. Vestre Slidre statsallmenning er utan samanlikning det mest intakte og aktive statsallmenning for stølsdrift i landet.


På Nørre Trøllhøvd er det vist ut eit areal på 26 daa som beite/tilleggsjord til Bakken 65/2.

På Nørre Gilen vart det lyst ledig eit tilleggsjordstykke på 16 daa etter stølsbrukaren sa frå seg retten. Fjellstyret lyste dette arealet ledig til beite eller tilleggsjord, men ingen meldte interesse for arealet.

S753 var lagt i det fri i 2011 og fjellstyret har vist ut arealet ut som tilleggjord til Hamarsnes 71/1.

Fjellstyret har godkjent overføring av 25% fellesstølen S526 til Kvåle 76/3.

Talet på stølar med gardsbruk som driv mjølkeproduksjon i kommunen går sterkt nedover, jf. tabell under for kommunen samla. Dei aller fleste stølane i kommunen ligg i allmenningen. Av dei som driv mjølkeproduksjon er ca 85 % på stølen. Dei fleste stølane i allmenningen som ikkje har mjølkeproduksjon er likevel i bruk til beite og fôrproduksjon.



### Stølsforskrift og fjellov

Etter fjellov og stølsforskrift skal fjellstyret forvalte bruksrettane i statsallmenningen.

Statskog har i hovudsak berre uttalerett i saker som vedkjem stølsbruk. Statskog og fjellstyret har spesielt dei siste åra hatt ulike tolkingar av stølsforskrift og fjellov.

Stølar som ikkje har vore ”i bruk” fell i det fri etter 20 år, jf. § 22 i fjellova. Statskog har tolka dette svært restriktivt, slik at det var nødvendig med husdyrhald for at ein støl skulle vera i bruk. Mykje av arealet i fjellet blir halden i hevd ved fôrproduksjon og ei slik endring ville

vera alvorleg for stølsbruket i Vestre Slidre. Stølsbruk er meir enn mjølkeproduksjon og husdyrhald. Fjellstyret var sterkt ueinig i Statskog si tolking av fjellov og forskrift. Etter mykje korrespondanse, møter med landbruks- og matdepartementet og befaring i Vestre Slidre statsallmenning, vart stølsforskrift endra i 2014. Det er no presisert at det ikkje er krav om dyrehald for at ein støl skal reknast for å vera i bruk. Statskog og fjellstyret har også vore ueinige om behov for husvære på støl og fjellstyret har presisert at dette er fjellstyret sitt ansvarsområde. Med regjeringa si avklaring, forventar fjellstyret ein enklare saksgang med Statskog i framtida.

Fjellstyret har over for departementet etterlyst ein grundig gjennomgang av heile stølsforskrifta, m.a. for å klargjera arbeidsfordeling mellom Statskog og fjellstyra. Landbruksdepartementet har gjeve tilbakemelding om dei ikkje vil endre stølsforskrift no, men at det kan bli aktuelt å sjå nærmere på fjellova. Regjeringa har sett i gang ein prosess med forenkling av utmarksforvaltninga og det kan skje ein revisjon gjennom denne prosessen. Rapport (des. 2014) frå regjeringsoppnemnd faggruppe skisserar at ein del offentlegrettslege oppgåver som ligg til fjellstyret, kan bli overført til kommunen. Kva det ligg i dette er usikkert, sidan fjellstyret ikkje har offentlegrettslege oppgåver. Fjellstyret ser i utgangspunktet positivt til ein forenkling til forvaltning på så lågt nivå som mulig. Ein konsekvens av dette må vera ei overføring av oppgåver fra Statskog til fjellstyra. Dette kan skje ved at staten aksepterar ei vid tolking av bruksrettens innhald (etter «tida og tilhøva») og/eller ved at staten overfører oppgåver til fjellstyra.



## Tomtefeste

### Hyttefester

Samla er det 591 stk hyttefester, 92 naustfester og 1 garasje i allmenningen. Halvparten av hyttefesta ligg i hyttefelt og halvparten er gamle hyttefester som ligg spreidd på støslaga.

### Bustadfester

Samla er det 12 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett ei nytt område til bustadbygging på Vaset i kommunedelplan, men området er ikkje teke i bruk.

### Næringsfester m.m.

I statsallmenningen er det 22 stk fester for reiseliv- og andre næringsbedrifter, 13 fester for idretts- og friluftsanlegg, 9 fester for renovasjon/kraft- og telenett, 13 fester for masseuttak og 18 diverse fester.

### Festeinntekter

Statskog gjorde i 2010 vedtak om at festeavgiftene på fritidsbustad skal regulerast etter konsumprisindeks og at det skal all regulering etter 2004. Dette skal skje sjølv om det er lovgrunnlag for å regulere etter marknadsverdi.

Som følgje av dette gjekk festeinntektene for fjellstyret ned med ca 30 %. Festeavgift for hytter og hotell blir delt 50/50 mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Festeavgifter gav fjellstyret ei inntekt på kr 870.444 (2013: 854.135).


## Fiske

### Sal av fiskekort

Det vart selt 1159 stk (2013: 1089) fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 231.932 (2012: 235.947). Til diverse fiskekulturarbeid og stamfiske har fjellstyret brukt kr 222.489 (2013: kr 38.213), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid. Utgifter til settefisk i 2013 er bokført på 2014 og dette utgjer ca kr 70.000. Kostnader til settefisk framstår derfor som ekstra store i 2014 og tilsvarende lite i 2013.

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	År
6	8	2	66	1	3		20	444	209	57	155	69	27	33	53
82				24				865				182			
106								1053							
				1159											



Fiskekort blir selt via SMS på mobiltelefon (42 %), på internett via [www.inatur.no](http://www.inatur.no) (ca 12 %), og på butikkar o.l. (46 %). Med auka bruk av smarttelefonar har salg på internett har auka frå 2% til 12% dei siste to åra.

### Stamfiske/fiskeutsetting

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter at FOSA har sikra større leveringsavtale, er det behov for meir rogn. Fjellstyret leverte 11,7 liter rogn til FOSA.

Fjellstyret har sett ut 1000 stk 2-årig settefiske i Sørre og Midtre Syndin. I Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre mindre vatna vart det sett ut 1-årig fisk og dette gjeld Svulttjern (100 stk), Grønsenn (800 stk), Nestisvatn (300 stk), Skardtjern (50 stk), Langebergtjern (100 stk), Kringletjern (100 stk), Bjødnahøvdtjern (100 stk) og Lomtjern (100stk). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk.




Fiskeutsetting frå bil ved Midtre Syndin

## Registreringar

Mange fiskarar er flinke til å sende inn statistikk etter at fisket er avslutta om hausten. Dette materialet gjev oss nyttig grunnkunnskap om tilstanden i vatna. Ein får på dette viset meir kontinuerleg overvakning av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdera kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna.

Fjellstyret får inn fiskerapportar for dei fleste vatn. Vi samlar også inn skjellprøver og desse vert analysert kvart tredje år. Skjell er den mest brukte strukturen for avlesning av alder. Dei er enkle å samle inn, og årssonene kan identifiserast på raskt veksande fisk. Skjell kan også fortelje om overgangar til meir næringsrikt bytte, for eksempel frå bunndyr til fisk.




Takk til alle som har sendt inn rapportar og ta gjerne kontakt om det er fleire som ynskjer å samle inn skjellprøver!

## Samlestastistikk garn og oterfiske i Vestre Slidre statsallmenning 2014 (innanbygds):

Vatn	Maskev.	Garn				Oter					
		mm	garn	fisk	kg	Fisk pr. garnnatt	Snitt fisk,kg	Antall timer	fisk	kg	Fisk pr time
S.Syndin	35	62	26	12,2	0,42	0,47	3,5	8	3,2	2,3	0,40
M.Syndin	35	160	53	36,9	0,35	0,70	56	64	36,8	1,1	0,57
Storfjorden	35	618	448	206,6	0,72	0,46	34,5	47	22,7	1,4	0,48
Rensenn	35	105	79	24,7	0,75	0,31	7,5	20	4,3	2,7	0,21
Mosvatn	35	238	139	71,0	0,58	0,51	32	42	20,4	1,3	0,48
Grønsenn	35	30	12	6,6	0,40	0,54	6	11	5,4	1,8	0,49
Sum		1213	757	357,9			139,5	192	92,7		

Det er rapportar frå 29 fiskarar som utgjer tala i denne tabellen.


Ut frå fangstrappornate har ein satt opp følgjande fangstoversikt:



### Statusoversikt for fiskevatna

	Vatn 2014	Antal utsett aure	Status for auren	Aktuelle tiltak framover
1	Rensenn	0	Middels vekst, litt mager, overbefolka.	Auke uttaket av fisk.
2	Grønsenn	1-årig, 800 stk	Særs god vekst og fin aure.	Fylgje opp gytebekkar.
3	Nestisvatn	1-årig, 600 stk	Særs god vekst.	Få inn fleire skjellprøver.
4	Midtre Syndin	2-årig, 1000stk	Særs god og uthaldande vekst. Ein del stor aure.	Fylgje opp gytebekkar, skjellprøver.
5	Sørre Syndin	2-årig, 1000stk	God og uthaldande vekst. Ein del stor aure.	Fylgje opp rekrutteringa.
6	Storfjorden	2-årig, 10 000stk	God vekst og god naturleg rekruttering. FMO prøvefiske i 2009.	Registrere merka aure i fangstane.
7	Mosvatn	0	God vekst.	Få inn fleire skjellprøver.
8	Matkista, Halvorstølstjern	0	Middels vekst. Mindre abbor dei siste åra.	Få inn fleire skjellprøver.
9	Strøstjern	0	Tett abborbestand gjev auren middels vekst.	Fiske hardt på abbor, skjellprøver.
10	Svult	1-årig, 500stk	God vekst og god bestand.	Tiltak gytebekkar.
11	Skardtjern	1-årig, 200stk	Bestanden på vei opp.	Ørekrytefangst, gytebekkar.
12	Skruvletjern	0	Middels god vekst, god bestand.	Få inn fleire skjellprøver.
13	Kringeltjern	1-årig, 100stk	Konkurranse av ørekryte.	Ørekrytefangst.
14	Bjødnhøvdtjern	1-årig, 100stk	Bør fiskast meir da det er rapportert om gamal fisk.	Ørekrytefangst, skjellprøver.
15	Langebergtjern	1-årig, 100stk	Svært god vekst, fin storleik på auren.	Få inn fleire skjellprøver.
16	Lomtjern	1-årig, 100stk	Tynn bestand.	Fylgje opp gytebekkar, skjellprøver.

## Kart over fiskevatn i tabell på side 9



1	Rensenn
2	Grønsenn
3	Nestisvatn
4	Midtre Syndin
5	Sørre Syndin
6	Storfjorden
7	Mosvatn
8	Matkista og Halvorstølstj
9	Strøstjern
10	Svult
11	Skardstjern
12	Skruvletjern
13	Kringeltjern
14	Bjødnhøvd
15	Langebergtj
16	Lomtjern

## Prøveordning med oterfiske for utanbygds, 2013-2015

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag bad fjellstyret om å vurdere å endre fiskereglane for Rensenn slik at utanbygds også kan fiske med øter her. Bakgrunnen for søknaden var at vatnet begynnar å bli overbefolka og det resulterer i små fisk. Dette fører vidare til at færre fiskar her og tilstanden i vatnet blir endå verre. Rensenn er det einaste vatnet i allmenningen kor det er for mykje fisk. Dei andre vatna er i balanse eller med tynn bestand med behov for fiskeutsetting. Fjellstyret vedtok å innføre prøveordning for tre år i samsvar med framlegget frå Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Ordninga gjelder for juli månad og det kan seljast 3 kort pr. døgn.

Oterfiske utanbygds i Rensenn				
Antall		Fisk pr.	Snitt	
Timar	fisk	kg	time	fisk, kg
24,5	38	5,9	1,55	0,15

I 2014 vart det seld 17 enkeltkort og det vart levert 4 rapportar. (2013: 25 enkeltkort og 1 familiekort).

# Småviltjakt

## Forvaltning

### Fugl:

Fjellstyret er bevisste på at jakt i stor grad kjem i tillegg til naturleg tap i småviltbestandane. Med bakgrunn i dette er det viktig med ei langsiktig forvaltning. Kunnskap om ressursane er basis for jaktreglane. Fjellstyret vedtok å frede rypa, både li- og fjellrype, i 2012 og 2013 pga av svak bestand. Jaktpresset er tidlegare redusert gjennom færre kort, dagskvote og redusert jakttid. For å gi jegerane eit tilbod, vart det lagt til rette for jakt på anna type vilt og trening med fuglehund, m.a. jakt på smårovvilt.

I 2014 vart det åpna for ei forsiktig jakt på rype og det var ei rimelig fordeling mellom innan- og utanbygdsboande for jakt utan hund.



### Taksering:

I 2009 tok fjellstyret i bruk linjetaksering etter Distance sampling metoden (avstandsmetoden). Takseringa skjer ved at mannskapane, minimum 2 mann saman med ståande fuglehund, går forhandsbestemte linjer i terrenget. Desse linjene vert fylgt med GPS. Oppflukter blir registrert og andre detaljer blir også journalført. Alle registreringar blir lagt inn i eit dataprogram som bereknar bestandsstorleik og kjuklingproduksjon. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag saman med andre jegerar i kommunen står for den praktiske gjennomføringa i felt, etter opplegg av, og i samarbeid med fjelloppsynet.

Vi har vore ein del av Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011. Oppsummering av prosjektet kom i 2013 i boka "Rypeforvaltning, Rypeforvaltningsprosjektet 2006 – 2011 og veien videre" av Hans Chr. Pedersen og Torstein Storaas (red).

### Takseringsresultat:

År	Ant. linjer	Ant. meter	Ant. obs.	Ant. ryper	Ryper/obs	Ryper/km <sup>2</sup> 90% sikkerheit	Ant kylling/høne
2009	22	68 650	31	96	3,1	7(4-13)	1,8
2010	19	64 265	18	81	4,5	8(5-14)	3,6
2011	23	74 663	26	92	3,5	5(4-7)	1,9
2012	22	71 755	21	56	2,6	3(2-5)	2,5
2013	22	76 883	18	95	5,2	6(4-11)	4,4
2014	21	68950	32	165	5,1	14(8-23)	5,7

Tettheit gjelder alle artar, produksjon gjelder berre rype.

For å halde ein konstant vaksenbestand må vi ha 2,5 kjuklingar pr rypepar i august. Dette omtalast som ei nedre grense for jaktbart overskot. Fleire kjuklingar vil gje ein aukande bestand, færre minkande bestand. Takseringa gjer eit godt grunnlag for vidare småviltforvaltning og ein får ein peikepinn på kva tiltak som må settast i verk for å hindre stor avskytnings.

Produksjonen må være over 2,5 kylling per høne for at vi skal ha eit jaktbart overskot. Ein må vurdere antall ryper som er observert per km<sup>2</sup>. Ut frå dette kan ein berekne ca størrelse på den totale bestanden vi har i Vestre Slidre statsallmenning. Det er ikkje vist at det gjer nokon forskjell neste haust om man fredar eller har ei forsiktig jakt(<15 %). At det ikkje er vist forskellar, kan ha samanheng med økologiske forhold som at unge omflakkande rovfuglar kan bli tiltrekt til freda områder – og så dør mange ryper som kunne blitt skutt, likevel. Ved bestandar på for eksempel 5 ryper per km<sup>2</sup> blir 15 % uttaket mindre enn 1 rype per km<sup>2</sup>. Her

nærmar vi oss ei følelsesmessig grense, og det er lite tilfredsstillande for jegeren å felle ryper som burde fått leve til neste vår!

På bakgrunn av kunnskap om korleis ryrene spreier seg så tilrår *Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011* å undersøke jakttrykket i heile fjellområdet/naboterrenget. Ein bør kunne forvalte ein stor andel av eigne gamle ryper og ungsteggar på eit terrenget på 30-50 km<sup>2</sup>. For at halvparten av unghønene som er født i området skal slå seg ned der må ein opp i et terrenget på 300-400 km<sup>2</sup>. Dette betyr at Vestre Slidre statsallmenning i stor grad er avhengig av kva som skjer utanfor terrengets grenser.



### Jaktkortsalg småvilt

Jaktkortsalalet gav ei inntekt på kr 167.353 (2013: kr 122.643). Nedgang i inntektene for småviltjakt dei siste tre åra kjem av at det er innført sterke restriksjonar på jakta pga av lite fugl, m.a. vart all rypejakt stoppa i 2012 og 2013. Fjellstyret har dei siste åra redusert jakta i fleire etappar og inntektene er no berre ca. 25 % av inntekta i 2007.

Kortsalget fordeler seg slik:

2014			Kortperiode	1 dg	2 dg	3 dg	5 dg	veke	10 dg	sesong	sum
Innan- og utanbygdsbuande	Fritt salg	rovvilt m.m.	01.1-31.12							124	124
		and og ringdue	21.08-14.09	22							22
	Begrensa kortsalg	småviltjakt u/hund	15.09.2019				5				5
			20.9-24.09				8				8
		fuglejakt m/hund	15.9-19.9				6				6
			20.9-24.9				6				6
		orrfugljakt u og m/hund	15.9-19.9	47			37	4			88
			20.9-24.9				69			2	71
		treningskort fuglehund	15.9-19.9	11						5	16
			20.9-24.9								
			5.10-1.4								
	Fritt salg	harejakt m/hund	5.10-11.10					14			53
			5.10-14.10						1		
			5.10-14.12							13	
Innanbygdsbuande	Fritt salg	orrfugljakt u og m/hund	15.10-14.12	51	9			6		2	68
		treningskort fuglehund	5.10-1-4	16	4	2				7	29
		harejakt m/hund	15.10-14.12	25	8	1		10		1	45

## Jaktstatistikk

Ut frå rapportane har ein for 2014 berekna total felling til 79 ryper, 20 orrfugl og 30 harar. Felling mellom innanbygdsbuande, fritt og regulert kortsalg for utanbygdsbuande fordeler seg slik:



Statistikk 2014	jaktdagar	rapportar	lirype	fjelltype	orrfugl	hare
Innanbygdsbuande	75	15	27	8	14	1
Utanbygdsbuande, regulert periode	206	88	43	1	6	21
Utanbygdsbuande, fritt kortsalg orrfugl- og harejakt	23	8				8
<b>Sum</b>	<b>304</b>	<b>111</b>	<b>70</b>	<b>9</b>	<b>20</b>	<b>30</b>

Felt vilt	Li- og fjelltype	Orrfugl	Hare
2008	501	63	20
2009	250	49	16
2010	215	33	32
2011	36	10	28
2012	0	8	18
2013	0	8	19
2014	79	20	30

## Kjuklingproduksjon

Det vart levert inn 51 rypevinger etter jakta. Av desse var 18stk frå vaksen fugl og 33 frå kjuklingar. Antalet vingar er for lite til at ein sikkert kan berekne kjuklingproduksjonen.




## Statistikk, fuglejakt:



Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort har gått sterkt ned dei siste 10 åra. Jaktpresset er på denne måten redusert, utan at ein har behøvd å setja i verk spesielle tiltak.

## Statistikk, harejakt:



## Smårvilt

### Felles jaktkort for smårvilt i Vestre Slidre og delar av Nord Aurdal

I samband med at fjellstyret freda rypa i 2012, forslo jeger- og fiskarlaget at det var oppretta ei gruppe som skulle sjå nærmare på jakt på smårvodyr. Gruppa var samansett av tre frå jeger- og fiskarlaget og to frå fjellstyret.



Gruppa foreslo at det vart oppretta eit felles jaktkort for smårvodyr i Vestre Slidre, men såg gjerne at dette vart utvida til å gå ut over kommunegrensa. Fleire av smårvodyra beveger seg mellom bygd og fjell, og større jaktområde vil gi meir effektiv jakt. Det vil derfor være ein stor fordel om jegerane kan jakte over heile kommunen. Eit auka uttak av smårvodyr kan gi eit positivt utslag for småviltbestanden, samstundes som det er ei utfordrande og interessent jakt i seg sjølv.

Rovdyrgruppa står for det praktiske arbeidet med å skrive ut jaktkort, jaktkortet blir i tillegg selt på [www.inatur.no](http://www.inatur.no). Jaktkortet gjeld på følgjande artar: raudrev, grevling, mår, mink, røyskatt, mårhund, kråke, ravn, skjære, nøtteskrike, gråmåke og svartbak. Jakta blir avgrensa til generell jakttid på kvar enkelt art. Jaktkarta skal vera gratis for jegeren. Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har premierung av den som feller mest smårvilt. Kommunen og fjellstyret delar utgiftene til skotpremie.

Felles jaktkort har vore i drift frå 15.7.13 og følgjande med i feleskortet:

- Vestre Slidre statsallmenning
- Veståsen grunneigarlag
- Slidreåsen grunneigarlag
- Austre Røn grunneigarlag
- Ulnes sameige
- Færden og Fosheim sæter (*ny 2014*)
- Vestre Lomen grunneigarlag (*ny 2014*)
- Syndinfjellet grunneigarlag (*ny 2014*)



Kart over felles jaktområde smårvilt

	jaktkort	rev	kråke	skjere	ravn	mår	grevling	mink	skotpremie
2014	124	57	68	23	5	7	1	1	27.300
2013	41	21	49			1	3		

Det er ynskjeleg at fleire grunneigarlag blir med i ordninga og det langsiktige målet er å få til eit jaktkort for smårvilt for ein større del av Valdres.

## Elgjakt

### Administrasjon



Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelta skjer via internett på Inatur, netportalen som bl.a. Norges fjellstypesamband er medeigar i. Kontraktsarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret. Allmenningen er delt i 4 jaktfelt og blir leig ut på 2 og 4-års kontraktar. Elgjakta gav ei inntekt på kr 125.765 (2013: kr 147.556). Til fråtrekk frå inntekt kjem fellingsavgifter og administrasjonsavgift til NFS.

### Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skote 10 elg (2013: 17 dyr) i allmenningen, fordelt på 1 kalv, 2 ungdyr, 3 kyr og 4 uksar. Grunnkvota var på 16 dyr. Det er ein klart redusert bestand i vestfjellet og

grunnkvota var derfor redusert mot tidlegare. Det har ikkje vore skote så få dyr sidan 1988. Det same blir det rapportert om i fjellområda i nabokommunane. Fjellstyret har bedt driftsplanlaget, samarbeid med elgregion ValHal, å sjå nærmere på problematikken om reduksjon av elgstamma i fjellområda.

Dei siste tre års har det dessutan vore stor problem med både gjennomføring av elg- og harejakt på grunn av tamrein i området. Det er ikkje lov til å beite i området, men reinlaget har ikkje klart å halde reinen ut av allmenningen.



## Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlag i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom dette arbeidet har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Driftsplanen omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterkt vekst før ein starta med driftsplanarbeidet (1996) og ein hadde som mål å redusere



veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga vart redusert etter dette. Taksering av elgbeita i 2005 synte likevel at vinterbeitene i kommunen var hardt belasta og det var nødvendig å redusere bestanden meir. Tilbakemeldingane frå elgjegerane er klare på at bestanden i fjellet no er kraftig redusert. Elgjegerane i allmenningen har spesielt det siste året hatt vanskar med å felle tildelt kvote. Fjellstyret har redusert kvota kraftig. Elgen i statsallmenningen er trekkelg og dyra går truleg sør aust mot Hallingdal. Både under trekk og i vinterområda blir det drive vinterjakt. I desse områda har det vore eit mål om å redusere bestanden pga beiteskader på skog. Det er derfor avskyting utanfor vårt område som i stor grad bestemmer storleik på elgstamma i statsallmenningen.

Tildelt totalkvote for heile kommunen var 125 dyr, med ei grunnkvote på 106 dyr. Totalt vart det felt 86 elg og 31 hjort.

### **ValHal**

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i ValHal. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid. Sist år var det ikkje gjennomført felles møte.

### **Elgmerkeprosjekt i ValHal-elgregion og øvre Hallingdal**

I 2013 vart det starta opp eit merkeprosjekt av elg i Valdres og Hallingdal. Ved radiomerking kan ein sjå korleis elgen bevegar seg i dei forskjellige områda og kvar han høyrer til. I forvaltninga er det viktig å kartlegge opphalsområda til elgen gjennom året. Sendarane har ein batterikapasitet på to år. Det skisserte prosjektet starta i oktober 2013 og blir avslutta i april 2017. Merking av 35 elg vart gjort i februar 2014. Fleire av dei merka elgane har hatt fast opphald i Vestre Slidre vestfjell i sumar og ein kan med tidsforsinking følgje dei merka elgane på [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no). Når prosjektet er avslutta er målet å ha henta inn kunnskap slik at ein kan forvalte elgstamma på ein langt betre måte enn ein gjer i dag.

### **Elgtrekk**

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terrenget og samstundes gi elgjegerane eit godt tilbod for framkjøring av elg. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 1.600 (2013: kr 600).



### **Hjortejakt**

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

### **Rådyrjakt**

Kortsaledet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 4 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Kortsaledet gav ei inntekt på kr 800 (2013: kr 800).

### **Jaktprøver**

Det vart arrangert 1 jakthundtrening og dette gav ei inntekt på kr 7.720 (2013: kr 1.330).

## Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

### Tilrettelegging for friluftslivet

På tilrettelegging for friluftslivet har fjellstyret brukt kr 61.922 (2013: kr 28.315).

Størstedelen av utgiftene er arbeid ved Haugvørpe med tilrettelegging for båtplassar og nye rastebord. Fjellstyret har overteke den gamle bua til mjølkebilsjåføren i Flikja og vil leggja til rette for at den kan leigast ut til ei rimeleg leige. Det er ein del restaureringsarbeid som trengs å gjera før bua kan brukast og ein tek sikte på å starte opp dette arbeidet i 2015.

#### Oversikt over tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 12 stk

Skilt: 85 stk

Rastebord: 29 stk

Doar: 12 stk

Parkeringsplassar: 11 stk

Open bu: 1 stk

Gapahuk: 1 stk

Båt til fri bruk: 1 stk



Rasteplass ved Pyttingen

### Informasjon

Fjellstyret har internetsider ([www.vestre-slidre-fjellstyre.no](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no)) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å utvikle sidene, m.a. å tilrettelegge sidene for mobil og nettbrett. Det kan også vera aktuelt å informere gjennom andre nettbasert kanalar.

### Inatur - internettportalen

Internettportalen [www.inatur.no](http://www.inatur.no) er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstypesamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart. Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.



### Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 27.936 (2013: 14.603).

## Rekruttering til friluftsliv

Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om tiltaket "Turmål" ved praktisk arbeid og dekning av kostnader. Dette er 10 turmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiert med ein keramikkopp.



Motiv på turmålkoppen 2014

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare med mellom anna isfiskedag i mars for 5. klassane og

fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane. Saman med jeger- og fiskarlaget er det arrangert ein familiefiskedag ved Buaråne i juli. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen og andre arrangement. Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiske- og jaktkort for ungdom tom 20 år.



## **Motorisert ferdsel i utmark**

Ulovleg bruk av snøskuter varierar over tid og sist år har det vore fleire tilfelle som kan tyde på auka aktivitet. Det mest bekymringsfulle er likevel at det har vore fleire tilfelle med barmarkskjøring med bil og ATV. Som foto viser gir dette varige spor i terrenget.



Erfaring syner likevel at ein del miljø er tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine. Etter tiltak frå regionalt oppsynsutval har fjellstyret vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for snøskuterkontroll over kommunegrensene i samarbeid mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Det er ikkje gjennomført fellesaksjon siste år.

Prøveordning for rekreasjonskjøring med snøskuter vart trekt tilbake av regjeringa og erstatta med eit framlegg til lovendring. Fjellstyret har tilrådd at slike løyper ikkje blir lagt i allmenningen og kommunestyret har presisert at løype ikkje skal leggjast til allmenningen. I framlegg til lovendring er det også lagt opp til at styringsrett med motorisert ferdsel i utmark skal overførast frå Statskog til fjellstyret.



*Fjelloppsynet på skuterkontroll*

## Tilskot

### Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr 18.367 i tilskot (2013: kr 168.921). På grunn av meir pressa økonomi har fjellstyret ikkje rom for å så store tilskot som tidlegare.

Tilskot er fordelt slik:

Stølspost	11.750
Tilskot kråkefeller	947
Sum tilskot	18.367

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret innført tilskot til framføring av straum eller innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbrukarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot, avgrensa til kr 50.000. Tilskotsordninga vil til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte. Fjellstyret har i 2014 ikkje motteke søknader om tilskot.

### Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Statskog administrerer bruken av fondet.

Med bakgrunn i Statskog sitt vedtak om reversering av festeavgift og tilbakebetaling av tidlegare innkravd festeavgift, er økonomien i fondet därleg. Statskog har opplyst at det vil gå fleire år før det kan gjevast tilskot frå fondet. Etter fjellstyret sitt syn er dette ikkje i samsvar med fjellova og det må til ei vesentleg endring i administrasjonen av fondet. Fjellstyret har vore representert i utval som har sett på statsallmenningsøkonomien; "Fremitdens økonomi innen statsallmenningene". Utvalet var samde om at økonomien i statsallmenningane bør styrkast. Det er tilrådd auka løyving til refusjon for oppsyn og at Statskog sine oppgåver som myndighet i statsallmenning bør finansierast over statsbudsjettet slik det var tidlegare. Ein er også einige om at det bør innførast ei fordeling mellom Grunneigarfondet og fjellkassene av alle grunneigarinntekter i statsallmenningane, ikkje berre festeinntekter frå hytter og hotell. Statskog og Noregs fjellstyrssamband har i felles brev til Landbruks- og matdepartementet (LMD) tilrådd tiltak for å styrke statsallmenningsøkonomien. LMD har så langt ikkje trekt konklusjonar i saka. Norges fjellstyrssamband følgjer opp denne saka med departementet. Norges fjellstyrssamband har opplyst at dei har fått positive signal frå politisk hald om at ein kan vente ei endring som slik at ein større del av inntektene blir att i lokalsamfunnet.

I samband med kommunereforma har ei interkommunal gruppe arbeidd med spørsmål knytt til forvaltning av statsallmenningane. Gruppa meinte at ein større del av inntektene frå allmenningane må forvaltast lokalt og støtta NFS sitt syn i utvalsrapport "Fremitdens økonomi innen statsallmenningene" frå 2011.

## Økonomi

### Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.


### Resultat

Rekneskapet syner inntekt på kr 2.037.404 (2013: kr 2.138.846) og utgift på kr 2.003.901

(2013: kr 1.863.737). Dette gir eit overskot på kr 33.504 (2013:overskot kr 275.109). Inntekta har dei siste åra gått markert ned og ved vanleg drift vil ein normal gå i omrent balanse. Spesielt nedgang i inntekter frå tomtfeste, elgjakt og småviltjakt er store. Inntektene frå småvilt- og elgjakta har dei siste åra gått ned med ca kr 400.000 og festeinntektene har gått ned med ca kr 300.000. Utgifter på ca kr 100.000 til settefiske og rekneskapsføring i 2013 er bokført på 2014 og dette gjer at resultatet for 2014 går fram som mindre gunstig enn det reelt er. I 2013 var det også ei ekstraordinær inntekt for reinbeiting på ca kr 200.000.

Festeinntekter blir i framtida regulert i samsvar med KPI (konsumprisindeks) og prisrammer på jakt og fiske har også vore regulert etter KPI. Refusjon til oppsyn frå staten har beste fall vore regulert etter KPI. Dette gjer at inntektsgrunnlaget til fjellstyret i realiteten på sikt blir gradvis redusert. Fjellstyret har ikkje så store muligheter til å auke inntektsgrunnlaget på andre måtar. Fjellstyret har i 2013 og 2014 hatt meir eksterne oppdrag enn normalt. Samla inntekt av oppdrag er ca kr 120.000. Det er berre halvparten av dette som er faste oppdrag og ein må pårekken at inntektene kan gå ned. Om det blir meir utbygging på Vaset, ved fortetting i Vaset alpinområde og ved eventuelle nye etableringar i sentrumsområdet, kan dette betre den økonomiske situasjonen på sikt. Om fjellstyret får 50 % av alle festeinntektene, ikkje berre hytter/hotell slik som i dag, kan dette betre situasjonen noko.


Ein stor del av fjellstyret sine utgifter er lønnskostnader og lønnsutvikling er større enn KPI, spesielt utgifter til pensjon har auka betydeleg. Fjellstyret har derfor ikkje lengre same økonomiske handlingsrom som før. Det betyr at det ikkje er mulig å gi tilskot eller til å setja i gang friluftslivtiltak i noko særleg omfang. Det er likevel viktig at ein sørger for å investere i fiskekulturarbeid slik at fisket også i framtida kan vera til glede for besøkande og samstundes kan gi inntekter. Det er også viktig å forvalte jaktressursane på ein slik måte at det kan vera ein ressurs for framtida. Fjellstyret arbeider kontinuerleg med å redusere driftsutgifter og sjå på inntektsmuligheter.



## Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12.14 kr 4.409.060 inkludert anleggsmidlar på kr 343.583 og festefond kr 1.058.134. Disponibel eigenkapital er kr 3.007.343.

Eigenkapitalen var nokre år så låg at vi måtte låne for å drive gjennom året, men fjellstyret har dei siste 10 åra bygd opp eigenkapitalen til eit akseptabelt nivå. Ikkje all eigekapital er disponibel då ein stor del av eigekapitalen er bunden opp i festefond, bygningar mm. Disponibel eigekapital bør ligge dagens nivå og ikkje gå under normal omsetning for året.



Slidre den 18.3.2014

*Kjell Strand*  
Kjell Strand  
fjellstyreleiar

*Åshild Reien*  
Åshild Reien  
styremedlem

*Torill Trøen*  
Torill Trøen  
styremedlem

*Inger Hiller Kopperud*  
Inger Hiller Kopperud  
varemedlem

*Birger Haugen*  
Birger Haugen  
varemedlem

*Harald Ranum*  
Harald Ranum  
dagleg leiar

**Vedlegg:** Resultatrekneskap  
Balanse  
Revisjonsmelding

## Resultatrekneskap

### Resultat

	År2014	År2013
<b>Kontonavn</b>		
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>		
Rognsalg	28384	24718
Kartsalg avg. pliktig	27936	18840
Elgtrekk utleie	1600	300
Oppdrag utleige avg.pl	119070	88086
Refundert fellingsavgift elgjakt	4710	
Varesalg /uttak av varer	0	4000
Rådyrkort mva.fri	800	800
Elgjakt Grunnavgift avg.fri frå 2007	125765	147556
Fiskekort utanbygds	178710	196093
Fiskekort innanbygds	49055	39855
Fisking i Valdres	4167	
Jaktkort smårvvilt	2139	633
Jaktkort utanb. regulert	99620	91200
Jaktkort utanb. uregulert	37529	20350
Jaktkort innanbygds	28065	10460
Jaktpøve	7720	1330
Vassdragreg. & premiering Bægav.	9849	9054
Tilskott	25000	30000
Refusjon oppsynutg. stat	322431	309987
Festeavgift	870444	854135
Leieinntekt beite	6452	6505
Beitebot	0	197392
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>	<b>1949446</b>	<b>2051294</b>
<b>Varekostnad</b>		
Kart kostnader	12400	
Kjøp for videresalg		
Lagerending kart	-8404	-4753
<b>Varekostnad</b>	<b>3996</b>	<b>4753</b>
<b>Dekningsbidrag</b>	<b>1945450</b>	<b>2046541</b>
<b>Lønnskostnad</b>		
Lønn fjelloppsyn fast	714630	710527
Div tillegg fjelloppsyn	95947	59352
Lønn midlertidig tilsette	29762	20239
Lønn fjellstyremedlemmer	14004	28399
Feriepenger	100970	95148
Fri telefon	6428	11887
Pensjon klp fri	113766	125193
Pensjon klp motkonto	-113766	-125193
Fri forsikring	342	330
Motkonto fri telefon	-6428	-11887
Motkonto fri forsikring	-342	-330
Møtegodtgj. Fjellstyre	24521	60186
Arbeidsgiveravgift	63962	65498
Arb.giv.avg av pålop. Feriepenger	6462	6090
Aga.pl. pensjonskost	113766	125193
Kantinekostnad		0
Yrkesskadeforsikring	1943	1931
<b>Lønnskostnad</b>	<b>1165967</b>	<b>1172563</b>

**Driftskostn. og av- og nedskrivninger**

Avskriv. bygning/fast eie	12400	12400
Avskr. maskiner og inventar	22574	
Bensin/diesel	4759	2691
Leie lokale	41696	41696
Reinhald lokale	6757	15444
Lys/varme lokaler	10493	16071
Leie datasystemer	19817	
Utstyr/mater.kjøp/rep	2460	861
Telefon/datautstyr mm	19647	9960
Arbeidsklær og arbeidsutstyr	4184	0
Fiskekulturarbeid & stamfiske	222489	38213
Jakt & fiskestatistikk	22150	9583
Friluftsmidler	61922	52789
Snøscooter/elgtrekk	1628	281
Diverse utgifter	10046	9010
Revisjonshonorar	12497	9581
Regnskapshonorar	70741	29981
Honorar for juridisk bistad		0
Kontorrekvisita	8707	11683
Trykksaker	15040	2406
Aviser, tidskrifter, bøker o.l	105	1073
Møte, kurs, oppdatering o.l	8880	20065
Telefon fast V.S. Fjellstyre		
Mobil 952 88 222 (ludo/talkmore)	50	
Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	4525	3743
Erle Frantzen 977 85 915	2036	2888
Datakommunikasjon	1380	4000
Porto	11378	2902
<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>	<b>598361</b>	<b>297321</b>

**Annen driftskostnad**

Bil & km godt gj. oppg.pli	53871	57789
Diett/reise utgifter		1132
Diett statens satser		0
Provisjon kortsalg	35855	28388
Annonser	5300	5815
Internett, domene mm	265	7735
Kontingent, fradragsberettiget	93360	80260
Tilskott		100000
Tilskott stølsveg		0
Tilskott aggregat/straum på stol		50000
Tilskott almenn.formål	18367	8921
Gaver	1361	6262
Forsikringspremie	9793	6655
Styre & bedr.forsaml.møte	2272	6004
Øredifferanser v/avstemming	-2	-2
Bank- og kortgebyr	757	634
Purregebyr kunder/leverandør	186	186
Innkrevningskostnader		1398
Administrasjonsavgift jakt mm	13854	12648
Tap på fordringer		15275
<b>Annen driftskostnad</b>	<b>235239</b>	<b>389100</b>

**Driftsresultat****-54117****187557**

Renteinntekt bank	85817	84891
Renteinntekt FOSA	2141	2661
Renteinntekt kunder		
Rentekostnad leverandører	-338	
<b>Netto finansposter</b>	<b>87620</b>	<b>87552</b>

**Ordinært resultat før skattekostnad****33503****275109****Ordinært resultat****33503****275109****Årsresultat****33503****275109**

**Balanse**

		<b>Balanse</b>	
		<b>År 2014</b>	<b>År 2013</b>
<b>Kontonavn</b>			
<b>EIENDELER</b>			
Lager vaset		100000	110000
Naust til stamfiske		42800	45200
Snøscooter Polaris 800 Sswitchb.		1	1
Polaris Snøscooter 600RMK JS 6186		90295	
Aksjer		1	1
Valdres utmarkskontor		1	1
KLP egenandelinnskudd		36969	31345
Langs. fordr. FOSA as		1	1
Langs. lån til FOSA as		73515	91373
<b>Anleggsmidler</b>		<b>343583</b>	<b>277922</b>
Lager kart		11966	3562
Kundefordringer		112316	96818
Negativ lønn			
Opptj. Oppsyn & jaktkort			
Andre kostsiktige fordringer			
Påløpt renteinntekt		233	228
Påløpt inntekt		3409	
2153.07.04561 driftskonto		1175834	1386451
2153.60.04669 kapitalkont		2968746	2885086
2153.07.08567 oppdragskto		15416	11584
2153.52.26269 jaktkort		6955	85062
2153.5210451 Vasetutbyggingen		40640	
2153.69.00125 skattetrek		98185	30872
<b>Omløpsmidler</b>		<b>4433700</b>	<b>4499663</b>
<b>Eiendeler</b>		<b>4777283</b>	<b>4777585</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
Annen egenkapital		-3350926	-3317422
Fond for innløste festetomter/avgifter		-1058134	-1058134
<b>Opptjent egenkapital</b>		<b>-4409060</b>	<b>-4375556</b>
<b>Egenkapital</b>		<b>-4409060</b>	<b>-4375556</b>
Leverandørgjeld		-32764	-2182
Forskuddstrekk		-98185	-80377
Fagforeningskontingent		120	
Oppgjørskonto merverdiavgift		-28182	-31831
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift		-25496	-25211
Påløpt arbeidsgiveravgift		-6630	-6081
Erst.fond/Vasetutbyggingen		-40640	
Skyldig lønn		-9770	-134484
Utlegg tilsette		608	-23872
Skyldige feriepenger		-103601	-95017
Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.		-23683	-2974
Avsetning tilskott veg			
Avsetning andre tilskott			
Annen kortsiktig gjeld			
<b>Kortsiktig gjeld</b>		<b>-368223</b>	<b>-402029</b>
<b>Gjeld</b>		<b>-368223</b>	<b>-402029</b>
<b>Egenkapital og gjeld</b>		<b>-4777283</b>	<b>-4777585</b>

## Revisjonsmelding



Til  
Vestre Slidre fjellstyre

### REVISJONSBERETNING 2014

#### **Uttalelse om årsregnskapet**

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre fjellstyre, som består av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap som viser et regnskapsmessig underskudd på kr 33.504, for regnskapsåret avsluttet per denne datoен, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

#### *Fjellstyrets ansvar for årsregnskapet*

Fjellstyret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med fjelloven med forskrifter, Statskogs rundskriv 1/2003 og bokforingslovens regler innen mva-pliktige områder, og for slik intern kontroll som fjellstyret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### *Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing.

Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for fjellstyrets utarbeidelse av årsregnskapet. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av fjellstyrets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

# Kommunerevisjon IKS

Valdres - Hallingdal

## Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for den finansielle stillingen til Vestre Slidre fjellstyre per 31. desember 2014, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoens i samsvar med fjelloven med forskrift.

## Uttalelser om øvrige forhold

### Konklusjon om attestasjonsoppgaver etter Statsskogs rundskriv 1/2003


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at

- fjellstyrets tilskudd til allmennyttige formål er i henhold til gjeldende bestemmelser
- ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser
- kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets regnskap eller noter til regnskapet

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av fjellstyret regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Fagernes 11.03.2015

  
Åge Sandsengen  
Revisjonssjef/ Reg. revisor  
Oppdragsansvarlig revisor



## Vestre Slidre fjellstyre

Postadresse: Slidrevegen 20, 2966 Slidre

Telefon kontor: 61345088/61345089

Telefon mobil: 95704838/97785915

E-post: [vestre.slidre@fjellstyr.no](mailto:vestre.slidre@fjellstyr.no)

Internett: [www.vestre-slidre-fjellstyre.no/](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no/)

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

